Referat frå bevaring for anbod «Rammeavtale transport og handsaming av reint trevyrke, behandla trevyrke, hageavfall og trykkimpregnert trevyrke»

Dato: 13.05.2026

Sted: Kjevikdalen, Lindåsvegen 1260, 5956 Hundvin

Representant oppdragsgivar: Trond Eklund – avdelingsleiar Utedrift og Deponi, Birgit Karlsen – Rådgjevar IT, analyse og anskaffing.

Deltakarar: [redacted]

Agenda:

Hovudpunkta for synfaringa er å sjå på tilhøve på henteplass, korleis fraksjonane som er ein del av rammeavtale er oppbevart og andre høve ved kontraktsavfallet.

Gjennomgang av området

På synfaringa vart området der kontraktsavfallet vert lagra inspisert samt sjølve kontraktsavfallet.

Avklaringar og spørsmål

Klikk eller trykk her for å notera eventuelle avklaringar og spørsmål som vart svara ut.

Det vart gjeve ein del svar på spørsmål og avklaringar kring anbodet. Dei er summert opp under.

- Magnetutskiljar: Kvern på anlegget har magnetutskiljar, men det vert veldig fort stopp i kverna, så dette er ikkje nytta per i dag.
- Lasting av hageavfall: Per i dag vert hageavfall lasta på semi-trailerar med klypemaskin grunna større einingar. Det har òg vore grovkverna slik at det kan lastast med hjullastar. Større trestokkar ol. kan ikkje kvernast.
- Lasting av trevyrke, behandla trevyrke og trykkimpregnert: dette gjerast med hjullastar og klypemaskin for komprimering. Stag i semi-trailerar kan verte skada, men dette skjer sjeldan. Ved slike tilfelle vert sveiseverkstad på lokasjon nytta i dei alle fleste tilfelle. Det kan likevel ikkje garanterast at det ikkje kan skje at slike stag vert øydelagt.
- Lagring av konteinarar til kontraktsavfallet: Det er mogleg å ha eigne konteinarar levert

av leverandør på NGIR sitt anlegg som NGIR kan fylla med kontraktsavfallet. Deretter kan leverandør byte desse konteinarane. Etter avtale kan det òg vere opning for at ein kan byte slike konteinarar utanom opningstid, men dette må diskuterast i kvart einskilde tilfelle.

- Sponplater i kontraktsavfallet: Det kan vere mogleg å sortere ut sponplater frå det behandla trevyrke, men det vil vere ganske vanskeleg med tanke på at det er innbyggjarar på gjenvinningsstasjonane og andre eksterne kundar som står for hovudsorteringa av ale kontraktsavfallet.
- Underlag: Under alt kontraktsavfallet er det betong med avrenning.

Avsluttande informasjon

Spørsmål og svar frå synfaringa distribuerast til tilbydarar elles gjennom leverandørportalen i etterkant av synfaringa. Deltakarliste frå synfaring sladdast.

Vedlegg:

- Bilete frå område og av kontraktsavfallet (sjå side 3-8).

Signatur referent:

Birgit Furseth Karlsen

Rådgjevar IT, analyse og anskaffing